

Graviditetstest (hCG) i urin

u-hCG

Bakgrunn

Under eit svangerskap produserer placenta store mengder humant choriongonadotropin (hCG) som blir skilt ut gjennom urinen.

Indikasjonar

Spørsmål om graviditet. Ved ønskje om høgast mogleg sensitivitet, for eksempel ved spørsmål om ektopisk svangerskap, måler ein hCG i serum.

Prøvemateriale



1 mL urin, helst morgonurin. Bruk reint og tørt urinbeger.

Haldbarheit: Dersom testen ikkje blir utført i løpet av 48 timar, må prøven oppbevarast i kjøleskap.

Referanseområde

Ikkje gravide: Negativ

Tolkingar

Graviditetstesten gir positivt utslag ved ein hCG konsentrasjon omkring 25 IU/L. Testen fungerer både som enkel og utvida graviditetstest. På grunn av den høge sensitiviteten påvisast auka mengde hCG 7 - 12 dagar etter befruktning.

Feilkjelde: Positiv test har vore observert opp til fleire veker etter abort.

Falskt positive resultat kan sjåast ein sjeldan gong pga. interfererande substansar i urin, for eksempel protein, medikament, bakteriar eller blodceller. hCG-produserande tumor (Trophoblastic disease) kan og gje falskt positiv test.

Sterkt fortynna urin kan gje falskt negativt svar, derfor anbefalast morgonurin.